




# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juli 2023

66. årgang



Sommar!

*Foto Sølvi Randal*

**REDAKTØR:** Kyrkjeverja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR:** Marit Sandal**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST:** Frå 1. august:

**Øystein Skauge**, vikarprest.

Tlf. 900 51 359.

[oystein.skauge@gmail.com](mailto:oystein.skauge@gmail.com)

**KYRKJEVERJE:** Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

**Margrethe Skåden**, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og  
torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FELLESRÅD:** Leiari: Kåre Sigurd Krak-hella, tlf. 900 75 286

[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar:** Halldis Steine,

tlf. 958 41 715 [halldst@online.no](mailto:halldst@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Kyrkja i Gulen.

## Redaksjonen

Neste nummer av bladet kjem i  
oktober. Frist for innlevering:  
20. september.

Så ønskjer vi lesarane våre ein god  
sommar!



Foto: AT

## Ny kontaktinfo til kyrkjekontoret:

Dei gamle fasttelefonnummera til  
kyrkjekontoret er ikkje lenger i bruk.  
Mobilnummara er som før, men det er  
nye e-postadresser (sjå spalten til  
venstre).

Ny felles e-postadresse til kontoret er:  
[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

## Ferieavvikling på kyrkjekontoret

Ingunn: 7. juli – 1. august (veke 28,  
29 og 30)

Margrethe: 24. juli – 14. august (veke  
30, 31 og 32)

Når kyrkjeverja har ferie, har  
Margrethe gravferdsvakt.

I veke 30 har begge ferie, men Ingunn  
har gravferdsvakt.

## Fotspora

Forteljinga *Fotspora* har blitt fortalt så mange gonger i kristne samanhengar at ein skulle nesten tru ho var henta frå Bibelen. Der kunne ho godt ha stått, for det er ei fin forteljing som tydeleg får fram at Gud både bryr seg om oss, og at han kan gripa inn i våre liv.



Foto: Evangelisten.no

Kort fortalt handlar forteljinga om ein mann som hadde ein draum der han såg tilbake på livet sitt.

Han såg kjende livshendingar saman med to par fotspor på ei sandstrand. Det eine paret var hans, og det andre var Gud sine fotspor. Gud gjekk altså saman med han gjennom livet.

Men då biletet frå dei vanskelege tidene i livet hans dukka opp, kunne han sjå berre eitt par fotspor.

Han spurde då Gud kvifor han ikkje var med då han trøng det mest, kvifor han måtte gå gjennom dette åleine.

Då svara Gud:

«Mitt kjære og dyrebare barn!  
Eg elskar deg og vil aldri forlate deg.  
Dei gongene i livet ditt då prøvingane  
og lidingane dine var størst – og du  
berre kan sjå eitt spor i sanden, det var

dei gongene då eg bar deg i armane mine.»

Når eg ser menneske som har mykje å bera på i livet, skulle eg ønska at Gud sine fotspor var store og tydelege. Eg er glad for dei historiene eg har høyrt, der menneske har erfart at guddommelege hendingar har gjort livet lettare, eller til og med løyst det som har vore vanskeleg. Men dette er ikkje normalen, slik eg kan sjå det i dei krinsane eg er i, og eg lurer på korleis Gud klarer å leva med at dei han elskar, slit i tunge og meir eller mindre uovervinnelege motbakkar. Det er nok ikkje lett.

Heldigvis er det ofte plass til fleire enn eitt fotspor i motbakkane me kan møta, og det trur eg er ei gave frå Gud. Han veit at det ikkje er godt for oss menneske å stå åleine. Han har gitt oss kvarandre, og har lagt i oss evne og vilje til å kunna ta vare på kvarandre. Så sjølv om me opplever at Gud ikkje gjer noko overnaturleg, så tenker eg det hans signatur når menneske viser omsorg og varme og strekker seg langt for at andre skal få det betre. Dette kan gje oss ei sterkt erfaring av kor verdifulle me er, og at andre er glade i oss. Det er ikkje så lett å ropa om hjelp når livet krev meir enn ein føler at det gjer. For dei som står rundt, er det ikkje alltid lett å få auga på at situasjonen er slik heller.

Me er flinke til å klistra på oss eit smil utanpå, og gløyma det som er inni.

Når nokon vågar å kle av seg eit lag av det trygge skalet og viser fram det som er sart og ekte, er det som om

magiske krefter bind oss sterkare sammen. Det er augneblinkar av gull når sår og smerte blir møtt med respekt og varme. Den som slit, får mindre å bera. Fleire par med fotspor i sanden er fint, sjølv om det er menneske som har laga dei!

I det vonde kan det òg koma fram noko godt som fargar livet med erfaringar me ikkje ville vore forutan. God sommar!

*Per Børge*

## Kjære venner!

Og jeg mener nettopp det ... *kjære venner!*

I tre og et halvt år har jeg fått oppleve vakre Gulen. Jeg har fått møte svært mange av dere som bor her, og jeg har fått lære av, og bli glad i dere. Her ute langs kysten finnes det så mange spennende mennesker med ulike erfaringer og tanker om både tro og liv. Jeg har fått være presten deres, ja.

Men ved siden av så er det min opplevelse at dere har åpnet opp og invitert meg inn som deres venn.

Dere har fulgt meg i mine oppturer og nedturer, og dere har ikke bare tatt del i, men bevisst også både støttet, oppmuntrer og hjulpet meg på så mange ulike vis. Takk!

Men jeg skal altså slutte, og det er av eget val. Min kone Kristin og min lille jente Lydia bor i Rogaland. Kristin kjenner fortsatt på et ønske om å bo nær sin familie på Jæren. Jeg har vært heldig som har fått hatt mine foreldre og søskene til glede, støtte og oppmun-

tring mens jeg har vært prest her. Det er derfor ikke vanskelig for meg å forstå hennes ønske.

Da det ble en ledig stilling i Bjerkreim, ikke langt fra Jæren, opplevde jeg en slags trygghet og fred for å søke den. Og jeg har altså fått tilbud om stillingen.

Men det er en smertefull prosess å skulle skilles fra mennesker som jeg er blitt så glad i.

Tankene går til alt vi har fått oppleve sammen. Først og fremst på gudstjenestene. Dere har gitt meg tid og rom til å få prøve og feile, og i fellesskap tror jeg vi har fått til noe som har passet bygdene våre.

Kirkene har for meg blitt et hjem hvor jeg har kunnet få søke oppmuntring, trøst og veiledning fra mennesker som har en visdom og klokskap langt større enn min egen. Det er min opplevelse at Gud nettopp plasserte meg i fellesskap med mennesker som for meg har blitt noe langt mer enn bekjente og venner.

Jeg vet ikke noe større i livet enn å få leve i takknemlighet, og med livslange vennskap. Jeg skylder fellesskapene våre så mye. Takk!

Jeg har fått oppleve stab, sokneutvalg, sokneråd, bedehus, skole, barnehage, ungdomshus, sjukeheim, bo- og omsorgssentre, ulike foreninger og klubber, som alle på sitt vis har lært meg mye om samhold, og om betydningen av vedlikehold av samhold, og hva man kan få til i fellesskap. Takk!

Hvis jeg skal få oppsummere tårene jeg nå kjenner, med ord, så vil jeg si:

*Takk! Jeg er glad i dere! .. og .. stol  
på Jesus! Klippen holder!*

*Hilsen Per Børge*

## **Sjølv takk, Per Børge!**

På vegner av alle oss – frå dei yngste til dei eldste – som har fått følgje deg i dei åra du har vore presten vår, vil vi takke deg hjarteleg for alt du har gitt oss. Vi ønsker Guds signing over arbeidet ditt vidare – og velkommen tilbake!

AT



*Arkivfoto frå innsetjingsgudstenesta i Gulen kyrkje 23. august 2020. Foto AT*

## **Prestetenesta og konfirmantundervisninga frå hausten av**

Sokneprest Per Børge Hillestad har sagt opp stillinga si og sluttar etter

sommarferien. I 3 ½ år har han gjort teneste i Gulen, og både vi som har jobba saman med han, og kyrkjelyden har fått oppleve hans gode evner til å formidle og komme i kontakt med folk han møter. Vi forstår avgjerda om å bli meir fastbuande saman med familien, men skulle ønska det annleis.

Heldigvis går vi hausten i møte med både vikarprest og eit konfirmantteam som som vil ivareta oppgåvane i kyrkjelyden framover til ny prest vert tilsett. Over nyttår blir stillinga lyst ut, og oppmadinga går om å spreie ordet om ledig stilling som sokneprest, - kanskje er det ein prest der ute ein stad som kunne tenkt seg teneste i Gulen?

Frå 1. august tiltreter Øystein Skauge som prest i 60 % stilling, sjå presentasjon av han side 6.

Når det gjeld konfirmantundervisninga, så vil Maren Daae Eide ta seg av planlegging og tilrettelegging saman med Eirik Halsnes. Dei har begge vore med i teamet til Per Børge, og er godt kjende med oppgåvene. Sjølve undervisninga blir delt mellom Torbjørn Sæle, sokneprest i Masfjorden, og Bjørn Magne Hansen, sokneprest i Solund. Dei vil også fordele presentasjonsgudstenestene og konfirmasjonne mellom seg. Konfirmantpresentasjonen blir i september:

**Gulen:** Søndag 3. september


**Brekke:** Laurdag 9. september (etter konfirmantundervisninga)

**Mjømna:** Søndag 17. september  
Konfirmasjonsdagane 2024 er no

lagde til laurdagane 27. april på Mjømna, 4. mai i Gulen og 11. mai i Brekke.

*Ingunn Sognnes,  
kyrkjeverje*

## Helsing frå ny vikarprest



*Vikarprest Øystein Skauge*

Frå denne sommaren står som kjent Gulen utan fast sokneprest.

Kor lenge det går før ny, fast prest er på plass, er usikkert, men det vil i det minste drøye til eit stykke ut i neste år.

Inntil vidare vil difor eg, som heiter Øystein Skauge, fungere i soknepreststillinga. Eg har vore pensjonist i to år no, og fylte 70 år i vår. Eg kjem fra gamle Lindås kommune, altså det vi no kjenner som Alver, og bur i Knarvik. Eg har vore prest sidan 1979, altså i over 40 år. Dei ti siste åra var eg prost i Åsane prosti i Bergen. Eg har gjort teneste til saman i 12 år

på ulike stader i Nord-Norge. Eg var også prest i fire år i Eidsvåg i Åsane, ti år i Gaular i Sunnfjord, og ni år på Askøy.

Men det er stadig bruk for pensjonistar til å gå inn i ulike vikaroppdrag, og difor har eg meir eller mindre kontinuerleg halde fram med prestelege oppgåver, også etter at eg formelt slutta.

Eg ser fram til å bli betre kjend med Gulen. Frå heimstaden min, der eg vaks opp i Myking sokn, kan eg sjå over fjorden om eg går opp på ein haug. Derifrå er det no lett å få auga på vindmøllene som vert monterte i Sløvåg i Gulen.

Eg tek til hjå dykk 1. august, og skal jobbe 60 % av full stilling. I praksis blir det to veker på jobb, og to friveker derimellom.

Gudstenestetilbodet vil verte som før, og med hjelp frå andre prestekollegaer skal vi dekkje opp for konfirmantarbeid og gravferder også. Eg kjem til å bu i Knarvik.

Eg er spent og forventningsfull til samarbeidet vi no går inn i. Eg gler meg til å møte dykk i kyrkjene i Gulen.

*Venleg helsing Øystein Skauge*

## Borgstova i Eivindvik

Dei som har vore i Eivindvik i det siste og køyrt forbi Borgstova, vil ha sett at der skjer det noko, - endeleg er vi i gang med å setje den i stand.

Ove Losnegård står for arbeidet med stova, medan Brekke maskin har teke



seg av dreneringa. Det var med stor spenning golvet i stova blei teke opp; kor mykje røteskader ville det vere på bjelkane under golvet?



Stova låg heilt nedpå bakkeplan, men heldigvis hadde ikkje vatnet teke seg inn under golvet.

Øvste langsida, som låg heilt nedpå bakken, var den verste. Der måtte kledningen bytast, det same på kort-sida mot gravplassen.

Stova er no blitt jekka opp, slik at kledningen kjem høgare opp, og med god drenering rundt heile stova, blir

det tørt og fint. Før nytt golv kom på plass, måtte det til ein grundig nedvask for å få vekk gammal skit, og Nordgulfjorden Grendahus tok jobben.  
Teikningar, inskripsjonar og liknande er ikkje skrubba vekk, veggene er som dei har vore å sjå til.



Når arbeidet er ferdig, vil vi kome

attende til bruken av stova, men med Gulatinget/Eivindvik som nøkkelstad i kystpilegrimsleia, er det naturleg å tenke den brukt i den samanheng, som varmestove for pilegrimar og for turistar. Med krossane, kyrkja og Gulatinget vil Borgstova bli eit fint supplement for dei som besøkjer Eivindvik, og vi har fått teke vare på det som sannsynlegvis er eldste huset i Gulen, frå 15-1600-talet.

*Ingunn Sognnes. Foto: red.*

## Dugnad i Brekke 4. mai


4. mai var det dugnad ved Brekke kyrkje, eit samarbeid mellom soknrådet og bygdekinnelaget.



Mange hjelpende hender, og mykje godt arbeid.



Både kyrkjedørene og dørene i bårehuset har fått eit nytt strøk måling.



*Foto: Kåre Krakhella*

# Frigjøringsdagen 8. mai på Mjømna

Takk for godt fremmøte ved 8.-mai-feiringen i og ved Mjømna kirke. Det ble en fin stund i kirken, med en god og tønkevekkende preken ved Per Børge Hillestad. «Mott i brøstet» spilte og sang, og Peter trakterte kirkeorgelet, som alltid like fantastisk. Etter gudstjenesten ønsket Ragnar Kaiser velkommen til samling ved minnestøtten.



Det var tale og kransenedleggelse ved Roald Stigum Olsen. Han fokuserte på viktigheten av markering av 8. mai, og at vi aldri må glemme hva denne dagen betyr for oss alle. Han minnet oss også på viktigheten av å heise det norske flagget denne dato, og skuffelsen over å se tomme flaggstenger også på offentlige bygg. Byrknes skulekorps spilte til «Ja, vi elsker» og «Gud signe vårt dyre fedreland». En fin flokk med ungdommer vi kan være stolt av.



Et rørende øyeblikk der Rasmus Kjellevold hilser under synging av nasjonalsangen.

Mjømna sokneutvalg er glad for å få være med å bidra til å gjøre denne markeringen til en tradisjon sammen med Laget for minnesteinen for oppstarten av Bjørn West.

*Tekst og foto: Anne Evjenth Ytreøy*

## Konfirmantane i Gulen kyrkje 06.05.23. (Namn side 11)



## Konfirmantane i Brekke kyrkje 13.05.23. (Namn side 11)

## Konfirmantar Gulen, namn

Foto øvst side 10:

**Framme frå venstre:** Mathea Håvåg og Eline Dyregrov. **Bak frå venstre:** Bjørnar Molde Randal, Halvor Henanger, Haroldas Arbocius, Robin Mathisen Håheim, Henrik Høydal Bøe og Magnus Halsvik Vatne.  
Foto: Elise Molde

## Konfirmantar Brekke, namn

Foto nedst side 10:

**Frå venstre:** Amanda Adamonyte Oppedal, Jermund Instefjord, Lucas Engesæter Oppedal, Are Tveit, Margethe Kvame Reknes og Emilie Ellingsen Dyrøy.

Foto: Cathrine Waage Tveit

## Konfirmantane i Mjømna kyrkje 29.04.23



**Bak frå venstre:** Konfirmantlærar

Eirik Halsnes, Torje Areklett, Jonathan Beheim Andreassen og sokneprest Per Børge Hillestad.

**Framme frå venstre:** Leah Isabelle Evanger Svanholm og Kamile Tamareviciute.

Foto: Mina Andreassen

## Vi er barn av lys og skygge

*Vi er barn av lys og skygge,  
vi er barn av sol og regn.*

*Vi er redde, vi er trygge,  
minste strå og blomst på grein.*

*Lyset favner alt som lever,  
soloppgangen er vårt tegn.*

*Vi er blomster i Guds hage,  
vi er store, vi er små.*

*Sammen sterke, sammen svake,  
og vi deler livet nå,  
i den store, store hagen  
som Guds sol vil skinne på.*

*Vi er vakre på vår måte,  
Gud er alle blomsters Far.*

*Han som bærer livets gåte:  
Jorden gir og jorden tar.*

*Og når angst og uro hersker,  
soloppgangen er vårt svar.  
Vi er blomster i Guds hage,  
vi er store, vi er små.*


*Sammen sterke, sammen svake,  
og vi deler livet nå,  
i den store, store hagen  
som Guds sol vil skinne på.*

(Norsk Salmebok nr. 504)



## Pinsegudstenestene

Både pinsedagsgudstenesta på tusenårsstaden Flolid og andredagsgudstenesta på Skjerjehamn blei flytta innandørs på grunn av dårlig vær. Men to flotte «ute/inne»-gudstenester blei det likevel! I Gulen kyrkje fekk vi eit litt utradisjonelt byte ved at preika blei halden av klokkar Aage, mens prest Per Børge overtok nokre av klokkenaren sine oppgåver.



*Foto: Trude Brosvik*

Elles var det dåp i gudstenesta, og Ingelin F. Olsen gledde oss med vakker og uttrykksfull song. På Skjerjehamn blei gudstenesta andre

pinsedag flytta til pakkhuset, der verkskapet stilte med nydelege kaker til kyrkjekaffien etter gudstenesta.



*Per Børge Hillestad saman med Julian Rambjørg. Foto: Mina Andreassen*

# Musikk-kveld i Gulen kyrkje

Laurdag 15. juli kl. 19.00.

**Solistar:** Choung Vu og Szemöke Jobbágy fiolin.

**Andre medverkande:** Domonkos Jobbágy piano, og Peter T. Jobbágy orgel og piano.

**Program** m.a. Dvorak, Rakhmaninov, Liszt, Tsjaikovskij, Monti, Sarasate.

**Arrangør:** Gulen kyrkjelege fellesråd



**Chung Vu** er direktør for Vietnam Music Festival, tidlegare professor på University of Texas i Arlington, og er no lærar på Euro Music Festival & Academy. Han har spelt med mange orkester omkring i verda.

**Szemöke Jobbágy** (syster til organisten vår) har studert ved Franz Liszt Musikkakademi i Budapest og ved University of North Texas. Ho var konsertmeister for Budapest MÁV symfoniorkester og førstefiolinist i Budapest Festival Orchestra, og har spelt m.a. i Wien, London, Zürich, Amsterdam og Sao Paulo.

No er ho konsertmeister for Plano symfoniorkester i Texas.

**FRI ENTRÉ**, kollekt ved utgangen.

# Konsert i Gulen kyrkje: «Sommarkveld i kyrkja»



Rune Alver og Amalie Duesund. Foto: Nett

Søndag 6. august kl. 19.00.

**Medverkande:** Amalie Duesund, fløyte, og Rune Alver, piano.

**Arrangør:** Gulen kyrkje og flyktningtenesta.

Amalie Duesund, fløyte, og pianist Rune Alver er i gang med å planlegge årets sommerkonsert som dei skal reise rundt med til ulike distrikt på Vestlandet denne sommaren. Det påtenkte musikalske programmet er sommarleg, med mange kjende melodiar og musikkstykke. Dei kallar konserten **Sommarkveld i kyrkja**.

Dei ønsker å skape ei lun stemning, med korte verbale introar til musikken dei spelar.

Eitt av musikkstykkja har relevans til dagens situasjon i Ukraina.

**FRI ENTRÉ**, kollekt ved utgangen.



# Kyrkjevalet 11.09.2023



11. september er haustens valdag. Samstundes med at det er kommune- og fylkestingsval, er det også val på nytt sokneråd og på nytt bispedømeråd.

## Soknerådsvalet:

Ordninga med eitt felles sokneråd for sokna Brekke, Gulen og Mjømna er no godkjend av Bjørgvin bispedøme som fast ordning.

Gulen kyrkjelege råd er valstyre. Det har vore valt nominasjonsnemnd i kvart av dei tre sokna. Kvart sokn er ein valkrins, og dei to kandidatane som får flest røyster, blir medlemer i Gulen kyrkjelege råd. Dei tre neste blir varamedlemer, medan alle på lista utgjer det lokale sokneutvalet.

## Bispedømerådsvalet:

I år er det fire lister å velje mellom. Dei som blir valde inn i bispedømerådet, vil også vere medlemer i Kyrkjemøtet, som er det øvste demokratiske organet i Den norske kyrkja.

## Kven kan røyste?

Alle medlemer i Den norske kyrkja som er over 15 år (fyller 15 år i løpet av 2023), har røysterett.

## Vallokala på valldagen

**Eivindvik:** Kommunehuset kl.10.00-18.00.

**Dalsøyra:** Dalsøyra skule kl.10.00-18.00.

**Brekke:** Brekke skule kl.10.00-18.00.

**Byrknes:** Byrknes skule kl.10.00-18.00.

## Førehandsrøysting:

### - PÅ KYRKJEKONTORET:

Det blir førehandsrøysting på kyrkjekontoret i Eivindvik tysdagar og torsdagar i perioden 15. august til 5. september **kl.10.00-14.00**.

### - PÅ SJUKEHEIMEN OG PÅ BU- OG OMSORGSSENTRA:

Det blir førehandsrøysting på sjukeheimen i Eivindvik og på bu- og omsorgssentra på Byrknes, på Dalsøyra, i Brekke og i Eivindvik torsdag 31.08. **kl. 15.00-20.00**.

## Førehandsrøysting utanfor eige sokn

Fristen for førehandsrøysting utanfor eige sokn er **01.09.**

## Digital førehandsrøysting

Nytt av året er at du kan førehandsrøyste digitalt. Det kan du gjøre på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) fra **10.08.-06.09.**

Du kan skanne QR-koden øvst på side 15 med mobilen din. Då kjem du til [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no) og kan logge deg inn med bank-ID og førehandsrøyste digitalt. Genialt, ikkje sant?



## Di røyst tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlemer i Den norske kyrkja? Då er røysta di viktig i kyrkjevalet! Når du røystar, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å avgjere kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades overalt i landet. Kyrkja tek del i kvardagslivet vårt og ved større og mindre hendingar i livet, i sorga og festen, i trøysta og songen, i leiken og gleda.

Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav.

Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere?

Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke kven som skal leie kyrkja både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

## Kunngjering av vallister for Gulen, Brekke og Mjømna sokn:

### GULEN SOKN:

Kandidatane er oppførte i prioritert rekkefølgje.

1. Halvor Langeseth Brosvik, 1958
2. Odd Harald Per Eide, 1955

3. Heidi Rosseland, 1965
4. Magny Jorunn Eggum Berg, 1952
5. Kari Hella Furnes, 1965
6. Sigrun Haveland, 1959
7. Laila Margaret Kjelby, 1961
8. Åse Haugen, 1968

### MJØMNA SOKN:

Kandidatane er oppførte i prioritert rekkefølgje.

1. Anne Kristine Evjenth Ytreøy, 1955
2. Mina Catrin Dahl Andreassen, 1988
3. Evy Marie Unneland, 1983
4. Sølvi-Ann Oddekalv, 1958
5. Gunnlaug Oddny Birknes, 1951
6. Caroline Einebærholm, 1981
7. Bente Iren Haugen, 1959
8. Arve Harald Mjømen, 1954
9. Erene Oddrun Wilberg, 1956.

### BREKKE SOKN:

Kandidatane er oppførte i prioritert rekkefølgje.

1. Bodil Ruth Bjørlo Takle, 1951
2. Jan Helge Kristensen, 1956
3. Renate Sætre, 1981
4. Johnny Leidvin Langvatn, 1964
5. Line Sæthre, 1986
6. Per-Arne Breidvik, 1972
7. Inger Marie Håheim Tynning, 1962



## Bispedømerådsvalet



Kven skal sitje rundt bordet i Bjørgvin bispedømeråd saman med biskop Ragnhild Jepsen? Foto: Den norske kyrkja

Det einaste vi veit så langt, er at biskop Ragnhild skal sitje på biskopens faste plass i Bjørgvin bispedømeråd. Dei ni andre medlemene får veljarane vere med på å velje.

Blant kandidatane er det i år 49 personar fordelte på fire lister.

### Kunngjering av vallister til bispedømerådsvalet

Ved dette kyrkjevalet er det fire lister å velje mellom.

#### Nominasjonskomiteen si liste

Nominasjonskomiteen er samansett av folk som representerer kyrkja i Bjørgvin, og nominasjonslista er utarbeidd av denne komiteen. Kandidatane på lista er føreslegne av sokneråda.

Dei tre andre listene kjem i tillegg, og desse kan du lese meir om ved å gå inn på heimesidene deira:

#### Bønnelista:

[www.bonnlista.no](http://www.bonnlista.no)

#### Frimodig kyrkje:

[www.frimodigkirke.no](http://www.frimodigkirke.no)

#### Open folkekirkje:

[www.apenfolkekirkje.no](http://www.apenfolkekirkje.no)

### NOMINASJONSKOMITEEN SI LISTE

1. Dag Sele. Lege, Stord. 1964.
2. Turid Fjose. Lege, Voss. 1969.
3. Amalie Gjengedal-Eide. Lektor, Bergen. 1996.
4. Arne Jostein By. Pensjonist, Stryn. 1948.
5. Kristin Jordheim Bovim. Lege, Bergen. 1955.
6. Dag-Olav Bjørøy. Seniorkonsulent, Øygarden. 1957.
7. Hege Feet Askvik. Pensjonist, Alver. 1957.
8. Helge Dyrkolbotn. Avdelingsleiar, Austrheim. 1964.
9. Amalie Ulevik Bjerk. Student, Bergen. 1997.
10. Ingeborg Watne Flatland. Lærar, Førde. 1979.
11. Leif Steinar Alfsvåg. Høgskulelektor, Stord. 1959.
12. Elise Skjærven Aas. Student, Bergen. 2005.
13. Rune Garmann. Pensjonist, Masfjorden. 1952.
14. Torild Teige Strand. Lærar, Solund. 1959.

### BØNNELISTA:

1. Sigurd Grindheim. Professor, Stord. 1968.
2. Solaug Anita Apeltun Sæle. Økonimisjef, Fjell. 1951.
3. Finn Indrebø. Pensjonist, Askøy. 1948.
4. Trygve Johannes Hellesøy. Pensjonert prest, Hellesøy. 1938.
5. Turid Morsund Øygard. Student, Bergen. 1999.

6. Magdalena Steinhovden. Pensjonist, Naustdal. 1947.
7. Anna Helena Bruun. Rekneskapsførar, Rådal. 1974.
8. Mahdi Alipor Esfahani. Butikkmedarbeidar, Førde. 1979.
9. Anders Myrene. Student, Naustdal. 2002.

### **FRIMODIG KYRKJE**

- 1. Gunnar Innerdal. Førsteamanuensis, Øygarden. 1983.**
- 2. Per Hilleren. Bonde, Sogndal. 1959.**
3. Marthe Hauge Aase. Kreftsjukepleiar, Skilbrei. 1965.
4. Egil Morland. Professor emeritus, Øygarden. 1950.
5. Geir Møller. Pensjonist, Bergen. 1957.
6. Karen Sofie Uthaug. Student, Alver. 1998.
7. Hilde Kayser Rohde. Pensjonert musikar, Bergen. 1955.
8. Annlaug Risa. Student, Balestrand. 2003.
9. Torstein Backer-Owe. Rådgjevar, Odda. 1959.

### **OPEN FOLKEKYRKJE**

- 1. Karl Johan Kirkebø. Pensjonist, Bergen. 1950.**
- 2. Oddny Miljeteig. Pensjonist, Bergen. 1954.**
3. Live Bakke Nydal. Student, Florø. 2004.
4. Rune Johan Skjælaaen. Pensjonist, Bergen. 1954.
5. Anne Vierdal. Trusopplærar, Sveio. 1996.

6. Eiel Holten. Seniorrådgjevar, Bergen. 1968.
7. Malene Mortensen. Sekretær, Sotra. 2001.
8. Håkon Glatved-Prahls. Journalist, Alver. 1956.
9. Mari Skjerdal Lysne. Stipendiat, Sogndal. 1985.
10. Vegard Flatebø Trætteberg. Lagførar, Bergen. 2002.
11. Inger Johanne Gullbrå. Pensjonist, Voss. 1949.
12. Lars Hana. Pensjonist, Askøy. 1955.
13. Signe Eikenes. Prosjektleiar, Leikanger. 1963.
14. Andreas Gravdal. Formidlar, Bergen. 1981.
15. Ove Sverre Bjørdal. Statsautorisert revisor, Bergen. 1971.
16. Torill Jørgensen Frøise. Rådgjevar, Askøy. 1972.
17. Christian Emil Haugen. Lege, Bergen. 1990.

### **Kva kan eg endre på røystesetelen?**



- Du kan levere røystesetelen utan å gjere endringar. Kandidatar som står øvst på lista med uthøva skrift, får røystetillegg. Alle andre på lista får ei røyst kvar.
- Du kan gi inntil tre kandidatar personrøyst ved å setje merke ved

namnet til kandidaten.

- Ved val til bispedømeråd kan du gi røysta di til inntil tre kandidatar frå andre lister. Ved val til sokneråd med éi liste kan du skrive opp inntil tre valbare personar i soknet.

## GODT VAL! DI RØYST TEL VED KYRKJEVALET 2023



Foto: AT

## Open kyrkje i juli

Gulen kyrkje vert open for besökande alle dagar i juli frå kl. 10-18.

Det blir hengt opp plakatar med info i kyrkjesskipet, men det vert ikkje kyrkjevert til stades i opningstida.

Ved gravferder, gudstenester og liknande vil det bli sett opp oppslag



## Blå Kors

Blå Kors møter kvar dag barn, unge og familiar som har det vanskeleg.

Stadig fleire veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. I ei tid med

auka levekostnader er det ofte dei som har det tøft, som får det verre.

Blå Kors arrangerer gratis feriar for familiar over heile landet. Målgruppa er familiar med låg inntekt, som er rusavhengige og/eller har psykiske utfordringar tett på livet.

Feriane er med på å skape viktige og gode minne for livet for familiene og barna. Å legge til rette for at familien kan gjere noko saman, styrkjer samspel og tilknytinga til familien, og gjer familien litt sterkare til å møte utfordringar.

Organiserte feriar er eit viktig inkluderingsstiltak. Behovet er stort, og pågangen når nye høgder kvart år.

Blå Kors ønsker å gi fleire familiar ferietilbod. For å møte etter-spurnaden, er Blå Kors heilt avhengig av støtte frå privatpersonar og kyrkje-lydar. Gi di gåve på VIPPS 13130. TAKK!

Janne Dale Hauger

## Resultat, fasteaksjonen 2023

Ved årets fasteaksjon kom det inn gode gåver både i bøssene og på vippes, det ser ut til at denne aksjonen har god støtte hjå folket i Gulen.

Innsamla i bøssene: Gulen kr 8.354,-, Mjømna kr 5.259,-, Brekke kr 9.296,-.

I tillegg kom det inn på vippes/gåver kr 25.494,-.

Totalt innsamla i Gulen: kr 48.403,- Eit kjempeflott resultat!

TAKK for flott innsats frå konfirmar, føresette og sokneutval, som alle

har bidrege til dette resultatet ved å gå rundt og banke på dørene til folk. Sjølv om folk ikkje er heime, så er lappen ein legg att, ei påminning, og folk vippstar når dei kjem heim. Dei midlane som blei samla inn til Kirkens Nødhjelp, gir reint vatn til 193 personar!



## Olsokfeiring på Fjon fjellkyrkje

Velkommen til olsokfeiring på Fjon Fjellkyrkje laurdag 29. juli kl. 18.00. Det blir gudsteneste ved Bjørn Magne Hansen, sal av rømmegraut/kaffimat, åresal og litt program.

## Hjertelig takk

Hjertelig takk for omtanke, gode ord, blomster, kranser og gave til Gulen sjukeheim, Diamanten, ved vår kjære Einar Austgulen sin bortgang. Stor takk til prest Per Børge Hillestad for en vakker seremoni i kirken. Takk også til Anne Britt og Elise for nydelig sang.

En spesiell takk til Diamanten for god pleie og varm omsorg. Takk til alle som var med oss denne dagen.

*Grethe, Stig, Ove, Rune, Trond m. familie*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### BREKKE SOKN:

**26.03.23:** Emil Asheim.

**26.03.23:** Herman Kalvøy.

#### GULEN SOKN:

**19.03.23:** Margit Andersen Johannesen.

**07.04.23:** Simon Rambjørg Haveland.

**23.04.23:** Mathilde Mongstad Sleire.

**06.05.23:** Emilie Napsøy Indrebø.

**27.05.23:** Maja Lihaug.

**28.05.23:** Sigrid Brosvik.

#### MJØMNA SOKN:

**29.04.:** Oskar Jensen,

### Vigde:

#### GULEN SOKN:

**07.04.22:** Malin Rambjørg og Oliver Haveland.

#### MJØMNA SOKN:

**27.05.23:** Elisabeth Kjensli og Severin Slettebø Rokne.

**10.06.23:** Heidi Rosseland og Kjell Fjærstrand.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**09.04.23:** Astrid Dorthea Hafsås, f. 1936.

#### BREKKE SOKN:

**17.04.23:** Torvald Nystrand, f. 1937.

#### MJØMNA SOKN:

**09.03.23:** Hans Petter Martinussen, f. 1944.

# Kyrkjekalenderen



**02.07., 5. søndag i treeiningstida:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad.** Offer: Kirkens Nødhjelp.

**09.07.: Ikkje gudsteneste**

## **Laurdag 15.07. kl. 19.00:**

Konsert ved Choung Vu, Szemöke Jobbágy, Peter T. Jobbágy og Domonkos Jobbágy. Fri entre. Kollekt ved utgangen.

**23.07.: Ikkje gudsteneste**

## **Laurdag 29.07.: Olsokgudsteneste**

**Fjon fjellkyrkje kl. 18.00 v/Bjørn Magne Hansen.**

**30.07., 9. søndag i treeiningstida:**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen.** Dåp. Offer: Norsk Gideon.

**06.08., 10. søndag i treeiningstida:**  
**Gulen kyrkje kl. 19.00:** Sommar-konsert v/Amalie Duesund og Rune Alver. Samarbeid med flyktning-tenesta. Fri entre. Kollekt ved utgangen.

**13.08., 11. søndag i treeiningstida:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Øystein Skauge.** Offer: Sygna vgs.

**13.08., 11. søndag i treeiningstida:**  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/ Øystein Skauge.** Offer Den indre sjømanns-misjon

**20.08., 12. søndag i treeiningstida:**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Øystein Skauge.** Dåp. Offer: Kirkens SOS.

**27.08.: Ikkje gudsteneste**

**03.09., Vingardssøndag:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen.** Offer: Blå Kors. Konfirmantpresentasjon.

## **Laurdag 09.09.:**

**Brekke kyrkje kl. 17.00 v/Torbjørn Sæle.** Offer: Bjørgvin si venskaps-kyrkje på Cuba. Konfirmant-presentasjon.

**17.09., 16. søndag i treeiningstida:**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen.** Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Konfirmantpresentasjon.

**24.09.: Ikkje gudsteneste**

**01.10., 18. søndag i treeiningstida:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Øystein Skauge.** Hausttakkefest. Lys vaken. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**08.10., 19. søndag i treeiningstida:**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Øystein Skauge.** Hausttakkefest. Offer: Haraldsplass samtalesenter.

**08.10., 19. søndag i treeiningstida:**  
**Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Øystein Skauge.** Hausttakkefest. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**15.10.: Ikkje gudsteneste**

**22.10.: Ikkje gudsteneste**

**29.10., Bots- og bønedag:**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Øystein Skauge.** Allehelgensgudsteneste. Offer: Misjonsprosjektet i Mali.